



Skulekoret har ikkje mykje øving bak seg og imponerte. Rannveig Helleland dirigerar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Adventsgudstenesta for skulen i kyrkja er ein svært gamal tradisjon som Uskedalen held fast ved. Årets gudsteneste var fredag førmiddag og både elevar og lærare var som tradisjonen tilseier aktivt med og gjorde det til ei fin og stemningsfull førjulsstund.

Det tykte også den nye soknepresten, Sven Harald Nilsen.

Nilsen leia denne gudstenesta for første gong og var svært begeistra over det han opplevde.

- Dokker syng som berre det, var ein av dei spontane attestane han kom med. Og song gjorde verkeleg elevar og lærarar.

Gudstenesta opna med at første, andre og tredje klasse kom inn i den mørklagde kyrkja med tente lys i hendene og plasserte dei i globen.



Kari Svinth og Rannveig Helleland leiar songen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulekoret leia av Rannveig Helleland og Hilde Bringedal imponerte, for det har berre nokre få månader med øving bak seg.

Fjerdeklassingane Johannes Haugland og Kjartan Tungsвик tente lys og det var tekstlesing ved sjuandeklssingane Thomas Mathiesen, Ann Lisbeth Moen og Marita Kjærland. Det var også ein sjuandeklssing, Breben Klette Sundal, som las utgangsbøna.

Lærarane Kari Svinth og Rannveig Helleland akkompagnerte den siste songen på gitar.

Rektor Vidar Haugland seier til uskedalen.no at det ikkje er så vanleg som før å halda adventsgudsteneste i skule-regi og at ei samkome som denne ikkje er ukontroversiell i våre dagar.

- Men vi i Uskedalen held fast ved den som ledd i ein bygdetradisjon. Eg vil presisera at høgtida har ikkje noko med KRL-faget å gjera.

Eg synest at vi handterer dette på en grei måte, for gudstenesta blir kunngjort i så god tid på førehand at foreldra som ikkje ønskjer å ha borna sine med kan trekkja dei ut, seier Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Adventsgudsteneste for skulen er ein lang tradisjon i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)